

Årsmelding 2024



Fyresdal

Innledning	5
Utvalssaker	7
Interkommunale samarbeidsprosjekt	8
Stab og økonomi	11
Innleiing	11
Året i hovudtrekk.....	11
Økonomisk resultat.....	11
Beredskapsarbeid	12
Investeringar.....	12
Generelle rekneskapsoversikter/finansrapport.....	12
Sektor for kultur og oppvekst.....	19
Innleiing	19
Året i hovudtrekk.....	19
Måloppnåing i forhold til mål i budsjett	20
Økonomisk resultat.....	22
Status for prosjekter i sektoren	23
Arbeid med digitalisering	24

Status for prosjekt i sektoren	39
HMS og sjukefråvær	40
Beredskapsarbeid og tilsyn	40

Innledning

2024 har også vore eit år som har blitt påverka av den globale situasjonen med krig og internasjonal uro. Dette påverkar oss lokalt med høg prisvekst og høge straumprisar med stor variasjon gjennom året. Lønsutviklinga i 2024 var like høg som i 2023. Høg rente påverkar dei fleste, også kommunane, men her er Fyresdal i ein særstilling med sær låg lånegjeld. Renteutviklinga påverkar difor dei kommunale driftsbudsjetta i liten grad.

Det er likevel slik at Fyresdal kommune har eit høgt driftsnivå i forhold til budsjett. Drifta har eit meirforbruk på ca 7 millionar. I samband med førebuingane til budsjett for 2025 la kommunedirektøren fram fleire forslag til innsparingar for å få drifta ned på rett driftsnivå. Formannskapet valde i budsjettprosessen å leggje inn 5 millionar for å unngå dei store driftsmessige endringane i tenestene. Formannskapetets grunngjeving for å ikkje gjere endringar i drifta i 2025, er forventningane ein har til auka inntekter i samband med etablering av datasenter på Molandsmoen.

Etablering av datasenter på Molandsmoen er ein pågåande prosess som ikkje blei sluttført i 2024. Det er forventa ein endeleg avklaring i komande år.

Som en følgje av krigen i Ukraina tok Fyresdal kommune imot 28 flyktningar med kollektiv beskyttelse.

2024 har som 2023 vore eit godt omdøme messig år for Fyresdal. Vi har blitt sett på det nasjonale og internasjonale kartet med Tretoppvegen som det store trekkplasteret. I 2024 var det også ca. 60 000 personar som besøkt Tretoppvegen. I 2024 var det også første året kor ein hadde ei lokalbu open. Her selde lokale produsentar alt frå lokalprodusera handverk og lokalprodusera mat. Lokalbua var eit dugnadsprosjekt kor dei ulike aktørane selde varer for kvarandre. I tillegg var det første sesongen med det nye konseptet kor ein kan overnatte i Folkestadbyen på fire nye overnattingsstader. Dette konseptet var kalla Landsbyovernatting, og har fått svært positiv respons.

Storsalen i kulturhuset blei ferdig renoverert i 2024. Det arbeidast nå vidare med å få foajé og toalett på same nivå, slik at heile kulturhuset står fram på ein flott måte.

Jobbing med å få på plass infrastrukturen med vann, veg, kloakk, straum og nett på Århusjordet har starta, og vil bli ferdigstilt i 2025.

Rekruttering av rett kompetanse til stillingar i kommunen er ein stor utfordring på fleire område, men det varierer også. Kommunens omdømme som arbeidsgjevar er viktig å jobbe med både når det gjeld å behalde dei tilsette ein har og i å rekruttere nye. Hausten 2024 blei det gjennomført

arbeidsmiljø kartlegging i alle avdelingar, og arbeidet med å lage tiltak har starta opp. Godt arbeidsmiljø, fleksible arbeidstidsordningar og oppgåvefordeling er det ein erfarer at er viktig for dei som vil jobbe i kommunen.

I heile 2024 er det blitt jobba med å avvikle PPT IKS som organisasjonsform, og organisere arbeidet som eit vertskommunesamarbeid i Vest-Telemark. Etter rundar i dei seks kommunestyra var det berre tre kommunar som gjekk vidare med PPT i eit vertskommunesamarbeid. Det var Tokke, Fyresdal og Vinje som valde ein slik organisering med Vinje som vertskommune. Ny organisering gjeld frå 2025.

Folketalet har i år vore stabilt. Ved årsskifte var det fortsatt 1256 innbyggjarar i Fyresdal.

Takk til alle som har vist vilje til å få til vekst i Fyresdal i 2024.

Ulf Pedersen


Kommunedirektør

Folketalsoversikt

Tekst	2021	2022	2023	2024	Prognose 2050
Folketal pr. 31.12.	1198	1224	1253	1256	1303
Fødde i året	8	7	10	11	
Døde i året	21	16	15	11	
Innflytting	57	93	93	71	
Utflytting	72	59	57	71	

Tabell 1. Folketall

Politisk organisasjonskart 31.12.2024



Figur 1. Politisk organisasjonskart

Kommunestyret er samansett av 17 representantar, 9 frå Arbeiderpartiet, 8 frå Senterpartiet.

Kjønnsfordeling er 11 menn og 6 kvinner.


Utalssaker

Utal	2020	2021	2022	2023	2024
Kommunestyret	99	68	106	127	103
Formannskapet	48	41	87	71	65
Administrasjonsutvalet	10	9	18	7	6
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg	33	34	36	44	38
Hovudutvalet for plan og miljø	55	31	66	52	45
Klagenemnda	-	-	-	-	-
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	14	12	17	16	18
Valstyret	-	6	-	9	-
Valnemnda	14	4	12	16	5
Arbeidsmiljøutvalet	14	10	21	13	10
Kontrollutvalet	39	29	30	31	29
Ungdomsråd	23	25	17	17	17

Omstillingsstyret	-	17	22	13	-
--------------------------	---	----	----	----	---

Tabell 2. Utvalssaker

Administrativt organisasjonskart 31.12.2024



Figur 2. Administrativt organisasjonskart

Interkommunale samarbeidsprosjekt

Samarbeidsprosjekt	Organisasjonsform	Deltakarar	Kommunen sin representant pr. 31.12.2024
Renovest – styret	IKS	Seljord, Vinje, Kviteseid, Tokke, Fyresdal	Kjersti Bergland
Renovest – representantskapen			Elise Lauvrak Robert Libjå
Barnevernssamarbeidet	Kviteseid er vertskommune	Vest-Telemark kommunane	
Pedagogisk Psykologisk Teneste, PPT	IKS	Vest-Telemark kommunane	Under avvikling

Legevaktstelefon	Arendal er vertskommune	Nissedal og Fyresdal + kommunar frå Agder	
Vest-Telemark Brannvern	IKS	Vest-Telemark kommunane	Nils Kristian Moe
Interkommunalt arkiv, IKA Kongsberg – representantskapen i IKA	IKS	Kommunar og fylkeskommunar i Buskerud, Telemark og Vestfold (BTV)	Liv Nærum
Vest-Telemark Tinget		Vest- Telemarkkommunane	Formannskapet Kommunedirektør
Vestfold og Telemark revisjon IKS	IKS	Kommunane i Vestfold og Telemark	Kjell Sverre Thoresen
Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat – representantskapen IKS	IKS	Kommunane Vestfold, Telemark og Agder	Kjell Sverre Thoresen
Krisesenteret i Telemark	Skien er vertskommune	Alle i Telemark, bortsett frå Notodden	
Sør-Øst 110	IKS	Alle i Vestfold og Telemark	Nils Kristian Moe
Jordmorsamarbeid	Vinje er vertskommune	Vest-Telemark kommunane	
Psykologteneste	Seljord er vertskommune	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal og Tokke	
Kraftkompetanse KO	Vinje er vertskommune	Vest-Telemark kommunane, Hjartdal, Tinn og fylkeskommunen	
Sosialtenesta/ NAV-Vest-Telemark	Tokke er vertskommune	Vest-Telemark kommunane	

Tabell 3. Interkommunale samarbeidsprosjekt

Sosialtenesta/NAV

Nav er samla med felles administrasjon for Vest-Telemark og leverer eiga årsmelding.



Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark (BVS)

Samarbeidet leverer eiga årsmelding.

Stab og økonomi

Innleiing

Frå 2024 har stab og økonomi overteke ansvaret for flyktningavdelinga og NAV frå sektor for helse og omsorg.

Året i hovudtrekk

Året har vore prega av oppgradering av økonomisystemet og andre digitaliseringstiltak for å forenkle arbeidsprosessar. Det har vore fokus på å nytte den programvara vi allereie har på ein effektiv måte. Vi har også bytta driftsleverandør frå AspIT as til VTDS, noko som har påverka heile organisasjonen. Mottak av flyktningar har vore i tråd med vedtaket om antall frå kommunestyret.

Økonomisk resultat


Det store avviket på rekneskapstala frå 2023 til 2024 skuldast mykje overføringa av NAV- og flyktningbudsjettet. Det er også her premieavviket på 14,5 millionar er utgiftsført.

Det reelle overforbruket i sektoren skuldast meirutgifter i samband med overgangen frå AspIT as til VTDS på IT-drift.

Inntekt og utgifter

	2022	2023	2024
Utgift	24 944	19 841	58 555
Inntekt	8 208	7 581	24 326

Tabell 4. Inntekt og utgifter i tusen



Beredskapsarbeid

Det har vore gjennomført årleg revisjon av planverk, eit tilsyn frå Statsforvalteren og beredskapsråd med fleire aktørar.

Det vart også igangsett beredskap i samband med stenging av FV401 grunna vedlikehald på ei bru.

Investeringar

Totale investeringskostnader vart på 29 millionar kroner, noko over budsjettera ramme.

Det har blitt arbeid med ferdigstilling av industriområdet på Molandsmoen, infrastruktur for nytt bustadfelt i sentrum og rehabilitering av Kulturhuset som dei største prosjekta i år.

I tillegg har det blitt kjøpt areal for bustadfelt i Sørbygda og Stykkjevika friluftsområdet.

Generelle rekneskapsoversikter/finansrapport


Netto driftsresultat vart i år tilnærma null mot budsjettera på 22, 5 millionar.

Med både meirforbruk i alle sektorar samt mindre utbytte frå VTK og stort premieavvik på pensjon så vart det eit udekket beløp i investeringsrekneskapen på 17 millionar som må dekkast i løpet av 2025.

Budsjett og rekneskap pr. sektor

Ansvar	Oppr. Budsjett			Justert budsjett			Rekneskap		
	Driftsutg.	Inntekt	Netto	Driftsutg.	Inntekt	Netto	Driftsutg.	Inntekt	Netto
Økonomi og stab	22 011	3 016	18 995	29 875	12 752	17 123	58 555	24 326	34 229
Helse og omsorg	75 256	24 263	50 993	66 693	14 827	51 866	76 760	20 097	56 663
Kultur og oppvekst	55 806	5 927	49 879	56 966	6 287	50 679	62 768	9 785	52 983
Plan og teknikk	39 032	22 630	16 402	40 782	23 480	17 302	49 380	27 548	21 832
Felles	46 492	182 761	-136 269	49 487	186 457	-136 970	33 595	199 302	-165 707
	238 597	238 597	0	243 803	243 803	0	281 058	281 058	0

Tabell 5. Budsjett og rekneskap pr. sektor




Figur 3. Budsjett og rekneskap pr. sektor

Gjeld og fond

	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024
Sum Fond	27 641 772	34 674 101	30 117 740
Sum Gjeld	87 247 577	85 965 546	88 174 471

Tabell 6. Gjeld og fond



Tabell 7. Gjeld og fond

Sum fond har blitt noko redusera grunna strykningar i avsetningar til disposisjonsfond. Disposisjonsfond pr 31.12 er nå totalt kr 18,6 millionar.

Sum gjeld er auka grunna lånefinansiering på kjøp av grunnareal.

Bruk av kommunedirektøren sin investeringspott:

I budsjettet er det sett av to millionar kroner som kommunedirektøren kan prioritere til mindre tiltak/investeringar som kjem opp i løpet av året – i 2024 er det fordela slik:

Tiltak	Sum
Hamaren Turist	100 000
Utstyr helse	100 000
Utstyr pleie og omsorg	100 000
Utstyr kantine	60 000
Ballbinge	100 000
Bustader	200 000
Utstyr reinhald	300 000
Bilar - heimetenesta	695 000
Utvikling skulemiljø	200 000

Tabell 8. Kommunedirektørens million

Vedtak i næringsfondet:

Tilskot frå næringsfondet fordela – her kjem også utbetalte tilskot som er innvilga frå omstillingsstyret og utbetala i 2024.

Tiltak	Sum
Tilskot til nyetablering	610 000
Investeringstilskot	1 584 000
Diverse prosjekt	395 000
Totalt	2 589 000

Tabell 9. Vedtak i næringsfondet

Tilskot:

Utbetalingar i regelbundne tilskot gjennom reglar for tilskot frå Fyresdal kommune.

Tilskot	2021	2022	2023	2024
Private kloakkanlegg	110 471	75 000	30 000	30 000
Mijøtiltak	0	0	0	40 000
Private vegar	148 500	155 800	247 960	278 000
Lønstilskot sommararbeid	91 650	199 680	241 229	171 742
Oppkøyring av skiløyper	70 000	70 000	80 000	80 000

Tabell 10. Tilskot

Finansrapportering

Likvide midlar	Beløp pr. 01.01.	Beløp pr. 31.12.	Rente/avkast	Rentesats
Bank				
Sparebanken Sør	24 609 415	19 251 101	1 205 150	6,03
Pengemarkedsfond:	0	0	0	0
Renteberande verdipapir:	0	0	0	0
Rentereferanseindeks				
NIBOR 3 mnd			4,47	
NIBOR 1 mnd			0	

Tabell 11. Finansrapportering (1)

Flytande rente				
Langsiktig gjeld		Restlån	Rentesats	Innfrielse
Husbanken	245395100	199 042	4,6	01.04.2033
Husbanken	245395110	562 500	4,6	01.05.2032
Husbanken	245395111	475 000	4,6	01.05.2034
Husbanken	245395112	1 075 000	4,6	01.05.2046
Husbanken	245395113	1 410 000	4,6	01.05.2048
Husbanken	245395114	1 250 000	4,6	01.12.2049
Husbanken	245395115	1 699 994	4,6	01.04.2050
Husbanken	245395116	2 950 000	4,6	01.06.2054
Kommunalbanken	245355102	5 166 610	5,5	01.07.2040
Kommunalbanken	245355103	16 000 000	5,5	20.06.2040

Kommunalbanken	245355104	4 400 000	5,5	09.06.2035
Kommunalbanken	245355105	10 937 500	5,4	31.12.2059
Kommunalbanken	245355106	1 950 000	5,5	31.12.2039
Kommunalbanken	245355107	3 676 220	5,5	20.09.2041
Kommunalbanken	245355108	3 237 500	5,5	20.09.2061
Kommunalbanken	245355109	2 473 320	5,5	09.09.2052
Kommunalbanken	245355110	2 925 000	5,5	08.12.2063
KLP	245355201	4 000 000	5,4	01.12.2035
KLP	245355203	5 600 000	5,4	09.12.2057
KLP	245355204	6 517 500	5,4	20.12.2059
KLP	245355205	2 337 500	5,4	20.12.2058
KLP	245355206	5 716 548	5,4	12.10.2051
KLP	245355207	3 615 237	5,4	08.11.2044
Fast rente				
Rammer reglement				
Fastrenteandel - 0%				

Tabell 12. Finansrapportering (2)

Personalarbeid i Fyresdal kommune

Statestikk (KLP)					Statistikk (SPK)				
	2021	2022	2023	2024		2021	2022	2023	2024
Tal årsverk	112*	118*	120*	123*	Tal årsverk	23,1	20,21	23,7	23,5
Tal tilsette	168	196	208	213	Tal tilsette	26	26	27	27
Del kvinner i %	80,93	80,1	75,6	70,89	Del kvinner i %	84,6	84,6	83,5	81,4
Snittalder	45,67	43,92	43,56	42,44	Snittalder	45,6	44,23	42,76	43,82
Gj.snitt deltid i %	71,4	69,3	69,5	65,24	Gj.snitt deltid i %	88	85,4	88,6	87,77
Avgangsalder	65,4	64,6	65,3	65,3					

Tabell 13. Personalarbeid KLP og SPK

Sjukefråvær

	2020	2021	2022	2023	2024
Sjukefråvær	7,63 %	6,73 %	8,07 %	7,66%	8,75%

Tabell 14. Sjukefråvær

Seniorpolitikk

Vi har ei ordning med 2 veker fri med løn for tilsette over 64 år.

I år var det teke ut 26 fridagar av tilsette over 64 år.

Lærlingar

Gjennom året har det vore 5 lærlingar;

ein i helsearbeidarfaget, fire i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

To lærlingar var ferdig i løpet av året, tre lærlingar er framleis i læretid.

Etisk standard

Kommunen har etiske retningslinjer som er ein del av dei personalpolitiske retningslinjene (PPR).

PPR blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett og i Compilo.

Bedriftshelseteneste

Vi har avtale med Bedriftshelsen AS. Bedriftshelsetenesta har ei fri og uavhengig rolle, og er ein del av organisasjonen si kvalitetssikring av HMS-arbeidet.

Alle tilsette er tilmeldt i ordninga.

Betalingsordninga er basert på ein fastpris per tilmeldt og tillegg for oppdrag, time for time.

Likestilling

Ved tilsettingar blir det om søkjarane elles stiller likt, prioritert menn i kvinnedominerte yrke og kvinner i mannsdominerte yrke.

Ved lokale lønsforhandlingar prøvar vi også å fremje likestilling og hindre forskjellsbehandling.

Sektor for kultur og oppvekst

Innleiing

2024 har vore eit år med store utfordringar og omfattande utviklingsarbeid i sektor for kultur og oppvekst. Barnehage, skule og tilhøyrande tenester har stått i krevjande prosessar knytt til høgt fråvær, manglande fagpersonell og store endringar i lovverk. Dette har påverka evna til å levere i tråd med lovkrav og pedagogiske mål, og har ført til slitasje både hos tilsette, elevar og føresette. Samstundes har sektoren vore i gang med fleire tiltak for å betre struktur, kvalitet og samhandling – og for å byggje eit meir robust system. Årsmeldinga skildrar dette arbeidet og gir innsikt i status og vidare vegval.

Året i hovudtrekk

Barnehagen har hatt store utskiftingar i personalet. Arbeidet med struktur, organisering og tillit prega heile året, men det lukkast ikkje å kome i mål. Det blei avslutta arbeidsforhold med dåverande styrar, og ny styrar blei tilsett før jol. Det blei òg søkt dispensasjon frå utdanningskravet for to barnehagelærarar på grunn av fråvær og rekrutteringsutfordringar.

I skulen vart bedriftshelsetenesta og kommuneoverlegen kopla på etter initiativ frå leiinga og AMU, med fokus på openheit, rausheit og tryggleik. Skulemiljøet blei i tillegg utfordra av hververk på vårparten, men tiltak som uteplikt i friminutta reduserte dette hausten 2024.

Kommunestyret fekk i juni ei sak med forslag om ekstra ressursar i to år for å rydde opp i etterslepet, men vedtok i staden månadleg rapportering frå sektoren til formannskapet. Dette har ført til gode drøftingar og systematisk oppfølging. Som eit konkret tiltak blei det leigd inn KS-konsulent for å avklare ansvar, roller og internkontroll knytt til lovverk.

Foreldremøte vart gjennomført i samarbeid med skulehelsetenesta, der sektoren var open om situasjonen og la fram heilskapsbilete av barnehage, skule, SFO, kultur og klubb. Trass i låg deltaking fekk sektoren gode tilbakemeldingar.

KORUS (Kompetansesenter for rusfeltet) blei hyra inn for å samle og analysere data frå Ungdata, klubb- og elevundersøkingar. Dette gav eit nyttig kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med barn og unge i oppvekstsektoren.

Det blei òg gjennomført ein felles planleggingsdag for skulane i Vest-Telemark, med rundt 200 deltakarar i Fyresdal. Arrangementet blei gjennomført i den nye storsalen på samfunnshuset, med god lokal profil og gode tilbakemeldingar.

Ny opplæringslov trådde i kraft 1. august 2024 og har medført omfattande tilpassingsarbeid i sektoren. To lærarar har fullført spesialpedagogisk utdanning på 30 studiepoeng, og det har vore noko innleige av logoped.

Barnevernssaker har auka i omfang, noko som delvis skuldast betre arbeid i sektoren, fleire førebyggjande rettleiingsforløp og eit høgare alvor i enkelte saker.

Oversikt over tilbod og tal som har plass	2022	2023	2024
Tall på barn i skule	150	143 (nyttår 147)	139
Tall på barn i barnehage	49 barn/66 plassar	46 barn/ 55 plassar	42 barn/59 plassar
Tall på elevar i kulturskule	42	31	43
Tall på elevar i SFO	25	19	35
Fyrstegongslån i biblioteket	7630	10882	7913
Fornyng av lån i biblioteket	675	788	1749
Besøktal Bibliotek	3591	4362	6320
Besøk ubetent			911
Oppslutning sommarles	58,4%	50,9%	61%

Tabell 15. Tilbod og personar som brukar tilbodet

Måloppnåing i forhold til mål i budsjett

Heilskapleg oppvekstperspektiv og tverrfagleg samarbeid

Mål: Ha eit heilskapleg og likeverdig oppvekstperspektiv frå 0 til 18 år

Slik jobbar vi mot målet: Sektoren jobbar tettare saman på tvers av barnehage, skule, SFO, klubb og bibliotek. Nokre tilsette jobbar i fleire einingar og bidreg til relasjonsbygging og heilskap. Skulehelsetenesta og psykisk helse er viktige samarbeidspartnarar som gjev sektoren eit breiare perspektiv.

Tidleg innsats, haldningsarbeid og livsmeistring

Mål:

- Gjennom tidleg innsats arbeide med haldningsskapande tiltak, inkludering og livsmeistring
- Fokus på miljøarbeid i heile sektoren

Slik jobbar vi mot måla: Gjennom *Absolutt oppvekst* har sektorane for oppvekst og helse jobba tettare saman. Dette har styrkt innsatsen for å møte framtidige behov og jobbe parallelt med tilsette for betre fagleg og organisatorisk grunnlag.

Læringsmiljøprosjektet gir grunnleggande kunnskap om vaksenrolla, klasse- og gruppeleing, og knyt til arbeid med arbeids- og læringsmiljø i avdelingane.

Førebygging, inkludering og livsmeistring er gjennomgåande tema i heile sektoren, og det tverrfaglege samarbeidet med PPT, helse og heimar blir vidareutvikla i 2025.

Variert, tilpassa og framtidsretta opplæring**Mål:**

- Nytte teknologiske innovasjonar så tidleg som mogeleg
- Nytte varierte og tilpassa opplæringsarenaer

Slik jobbar vi mot måla: Bruken av teknologi har ikkje hatt stort nok fokus, men ein har starta utprøving gjennom t.d. KI-prosjekt i skulen og LAN-helger i klubben.

Uteundervisning og alternativ opplæring er særleg utvikla på barnehagetrinn og småsteg, med bruk av Hamaren aktivitetspark.

Skulen tilbyr varierte aktivitetar i storefri i samarbeid med biblioteket og idrettshallen. Det er samarbeid med lokalt næringsliv for alternativ opplæring, og skulen har ein rullerande ekskursjonsplan saman med Vest-Telemark museum.

Breitt og attraktivt kultur- og fritidstilbod

Mål: Gje eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod til alle innbyggjarane

Slik jobbar vi mot målet: Renovering og ombygging av kulturhuset har vore eit sentralt arbeid for å auke kvalitet og attraktivitet. Arbeidet med ny temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025–2032 er i gang med innspel og medverknad.

Kulturskulen har utvida tilbodet, mellom anna med "Dans og turn", og har gjennomført fleire konsertar. Klubben har hatt rundt 100 opne kveldar i året med aktivitet og matservering.

Biblioteket er meir besøkt enn før, og satsinga på meirope bibliotek har bidrege sterkt. Det er faste aktivitetar som barselgruppe og samarbeid med Frivilligsentralen.

Arrangement som Den kulturelle skulesekken og spaserstokken når både barn, unge og eldre. Kulturavdelinga har òg teke over drifta av symjehallen, og tilbyr offentleg bading tre dagar i veka.

Frivilligheit og lokalt engasjement


Mål: Styrke og dyrke frivilligheita

Slik jobbar vi mot målet: Kulturavdelinga samarbeider tett med Frivilligsentralen, idrettsrådet og spelemiddelordninga. Dei bidreg til å stimulere frivillig innsats gjennom kulturpris, idrettsstipend og informasjon om tilskotsordningar. Dei har òg gjennomført arrangement i samarbeid med frivillige, som jolekonsertar og andre lokale kulturinitiativ.

Økonomisk resultat

	2022	2023	2024
Utgift	47 162	61 112	62 768
Inntekt	6 410	9 284	9 785

Tabell 16. Inntekt og utgifter i tusen



Figur 4. Inntekt og utgifter i tusen.

Sektoren avslutta 2024 med eit større underskot, i hovudsak grunna omfattande sjukefråvær. Dette førte til betydelege kostnader knytt til vikarbruk, overtid og ekstra bemanning i enkelte saker, særleg innan barnehage og skule. I nokre periodar har det vore naudsynt med overbemanning for å sikre forsvarleg drift og oppfølging.

Samtidig har reduserte inntekter frå foreldrebetaling i SFO og barnehage forsterka det økonomiske avviket.

På den positive sida bidrog høgare refusjon av sjukeløn, vakante stillingar (mellom anna udekkja logopedstilling), samt reduksjon i utgifter til barnevern til å dempe det totale overforbruket.

Det har vore krevjande å få eit presist oversyn over ressursbehovet, særleg innan skule og SFO. Kulturavdelinga, som omfattar bibliotek, kulturskule, klubb og symjehall, har derimot halde seg innanfor budsjettamma.

Alle investeringsprosjekt i sektoren er gjennomført i tråd med plan og innanfor godkjende økonomiske rammer.

Status for prosjekter i sektoren

Deltaking i Læringsmiljøprosjektet

På råd frå Statsforvaltaren i Telemark søkte Fyresdal kommune om deltaking i Læringsmiljøprosjektet, som følge av fleire klagesaker og mangelfull oppfølging av skulemiljøsaker. Barnehagen og skulen starta difor opp i prosjektet våren 2024.

Prosjektet er omfattande og krevjande, og har som mål å gi betre kunnskap om korleis ein skaper eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø.

Barnehagen har arbeidd grundig med tema som styrkar og svakheiter, inkluderande praksis, strategi mot ekskluderande åtferd, emosjonell støtte og det å sjå verda frå barnets perspektiv.

Skulen etablerte hausten 2024 eit eige skulemiljøteam som arbeider med skulemiljøsaker. Rett før jul fekk kommunen tildelt lønsmidlar til drift av teamet i tre år framover. Etter tilsynet same år har Gimle skule utvikla nye malar og ein ny praksis for oppfølging av skulemiljøsaker, men det er framleis behov for vidare forbetring.

Kompetanseløft og felles utvikling i regionen

Fyresdal deltek i det regionale samarbeidet «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» saman med andre kommunar i Vest-Telemark. Målet er å bygge opp lokal kompetanse og meir robuste system, slik at kommunane i større grad kan utføre spesialpedagogiske oppgåver sjølve. Dette omfattar førebygging, tidleg oppdaging og oppfølging av barn og elevar med særskilde behov.

«Absolutt oppvekst» – heilskapleg innsats

I 2024 blei Fyresdal med i KS sitt program «Absolutt oppvekst», der både politikarar, leiarar, tillitsvalde og helsesjukepleiarar deltek. Programmet har gitt nyttig innsikt i kva som påverkar barn og unge si læring, utvikling, trivsel og tilhøyrse.

Programmet skal vidareførast i samarbeid med helsetenestene for å styrke det systematiske og førebyggjande arbeidet. I løpet av 2025 er målet å innføre eit strukturert tilbod om foreldrerettleiing.

Meiroppe bibliotek – betre tilgang for innbyggjarane

Prosjektet med meiroppe bibliotek blei ferdigstilt 1. oktober 2024. Brukarar kan no få tilgang til biblioteket også utanom bemanna opningstider, gjennom avtaleordning. Det er så langt inngått 36 avtalar. Tiltaket gir auka tilgjenge og samsvarer med mål i sektoren og i kommunen si samfunnsplan.

Kulturhuset – oppgradering på gang

Utviklinga av Kulturhuset held fram. I 2024 blei det installert nytt lyd-, lys- og sceneteknisk utstyr. I løpet av våren 2025 skal foajeen og toaletta renoverast. Arbeidet skjer i tett samarbeid med avdeling for teknisk drift.

10-FAKTOR-undersøkinga – verktøy for betre arbeidsmiljø

Sektoren har tatt i bruk 10-FAKTOR, eit verktøy for medarbeidarundersøking som skal bidra til utvikling av eit godt arbeidsmiljø. Arbeidet er i gang og vert vidareført i 2025 som ein del av eit systematisk utviklingsarbeid.

Arbeid med digitalisering

I 2024 vart det gjennomført fleire viktige digitale og teknologiske satsingar i sektoren:

Meiroppe bibliotek blei innført med hjelp av tekniske løysingar som gjer det mogleg å bruke biblioteket også utanom bemanna opningstider. Samstundes fekk kulturhuset ei oppgradering med ny lyd-, lys- og sceneteknikk i storsalen. Desse tiltaka gjer bygget meir moderne, brukarvennleg og tilgjengeleg for fleire.

VISMA-plattformer er no teke i bruk i større grad:

- I barnehagen er VISMA Ressursstyring/Flyt Barnehage innført, noko som gir betre oversikt over bemanning og ressursbruk.
- Skulen nyttar no VISMA Timeplan, som gjer det enklare å handtere timelister og fråvær, og gir kvar enkelt tilsett betre oversikt og ansvar.
- Det nye systemet VISMA Sikker Sak er teke i bruk som felles saksbehandlingssystem for barnehage og skule.

- VISMA Flyt Barnehage og Skule er også kopla tettare til foreldre og samarbeidsutval, og styrkar dialogen og informasjonsflyten.

Skulen har i tillegg fått innføring og opplæring i fleire digitale læreverk, noko som bidreg til å styrke den pedagogiske kvardagen.

Avdelingsleiarane har òg måtte ta i bruk fleire nye digitale plattformer, særleg innan økonomi- og personalarbeid, noko som krev opplæring og tilpassing i ein hektisk arbeidskvardag.

HMS og sjukefråvær i sektoren

Høgt og langvarig sjukefråvær har vore ein gjennomgåande utfordring, med store konsekvensar for drift, tilbod og arbeidsmiljø i både barnehage og skule. Fråværet har påverka den daglege bemanninga og gitt auka belastning på dei tilsette. Dette har òg hatt ringverknader for tilbodet i klubb og basseng.

I barnehagen har sjukefråværet ført til stor personalutskifting og utfordringar med stabilitet og kontinuitet. I skulen blei både bedriftshelsetenesta og kommuneoverlegen involvert for å støtte arbeid med arbeidsmiljø og førebygging. AMU har vore ein viktig samarbeidspart i dette arbeidet.

Sektoren står framleis overfor eit omfattande endringsarbeid som krev fornya kompetanse, god ressursutnytting og aktiv innsats frå alle tilsette. Samstundes er leiarteamet i sektoren velfungerande og jobbar heilskapleg for å sikre stabil drift og vidare utvikling. Sektoren har også rask sakshandsaming av plass i tenestene – noko som er viktig for tilflytting og rekruttering til bygda.

Beredskapsarbeid i sektoren

Det er kun gjennomført brannøvingar og branntilsyn i sektoren.

Gjennomførte tilsyn i sektoren

I 2024 hadde sektoren tilsyn frå Statsforvaltaren i Telemark knytt til arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø. Tilsynet omfatta vurdering av internkontrollsystemet, og det blei gitt pålegg om å rette opp manglar på to sentrale punkt:

- Plikta til å varsle, og
- Plikta til å undersøke når det gjeld elevar sitt skulemiljø.

I tillegg opna Statsforvaltaren eit felles tilsyn med alle kommunane i Vest-Telemark, etter at samarbeidet i Vest-Telemark PPT vart avslutta. Kommunane blei bedne om å levere ei utgreiing som viser korleis dei no ivareteke PP-tenesta sine lovpålagde oppgåver.

Sektor for helse og omsorg

Innleiing

Årsmeldinga for helse- og omsorgssektoren i Fyresdal kommune for 2024 gir ei oversikt over dei viktigaste aktivitetane, utfordringane og resultata i sektoren. Kommunen har hatt eit fokus på å utvikle tenestene for å møte dei aukande befolkningsbehova og endringane i helsesektoren. Årsmeldinga skildrar korleis vi har arbeidd for å møte desse behova, samt våre mål og resultat for 2024.

Fyresdal kommune har eit lovpålagt ansvar for å sørge for helse- og omsorgstenester til både innbyggjarar og besøkande. Sektoren, som dekker heile livsløpet, leverer tenester døgnet rundt og året rundt. For å møte framtidige behov er det viktig at tenestene er fleksible og tilpassar seg samfunnsendringar. Sektoren består av Fyresdal pleie- og omsorgssenter, kjøkken, heimeteneste, teneste for funksjonshemma og helse, samt tenestekontor, personaladministrasjon og frivilligsentralen i kommunalsjefen sin stab.

Året i hovudtrekk

2024 har vore eit år med høg aktivitet og brei innsats i alle delar av helse- og omsorgstenesta. Gjennom Nordsjølegeprosjektet har vi fått etablert ei stabil og godt fungerande legeteneste i kommunen. Nordsjøturnusen har ført til auka kontinuitet og stabilitet i fastlegetenesta, og gjer det mogleg å tilby legevakt i eiga bygd. Talet på pasientar på fastlegelistene har auka, men det er framleis ledig kapasitet.

Skulehelsetenesta er styrkt, med fast kontordag for sjukepleiar på skulen. I tillegg har sjukepleiar delteke i ulike undervisningsopplegg og vore ein aktiv deltakar i TPO-møter (tilpassa opplæring), samt møter med PPT i barnehagen. Helsesjukepleiar har òg vore viktig i arbeidet med oppfølging av flyktningar, der det er sett av ressursar til samtalar, vaksining og anna helsehjelp.

I samarbeid med kulturavdelinga vart det arrangert sommaraktivitetar for ungdom, eit tiltak som blei svært godt motteke og som vi vurderer å vidareføre.

Helsestasjon for ungdom (HFU) har hatt tilbod annakvar veke på ettermiddagstid, men låg deltaking gjer at vi må vurdere vidareføring av tilbodet.

Det har vore utfordringar knytt til eigna lokale for behandlingstilbod retta mot born, noko som har påverka kapasiteten i periodar. Vi har ein ergoterapiressurs i 20 % stilling tilknytt avdelinga, som hovudsakleg arbeider med born.

Tabellen under viser ein samla oversikt over aktivitet i tenestene gjennom 2024:

Teneste	Tall	Kommentar
Legevaktsbesøk totalt	473	Fordelt på konsultasjon, telefonkonsultasjon og sjukebesøk.
Gjestepasientar på legevakt	55	Pasientar som har fått hjelp på legevakt.
Konsultasjonar/oppfølging på helsestasjon (barn under skulealder)	56	Tal barn under skulealder som har hatt kontakt med helsestasjonen.
Skulehelsetenesta (elevkontakt)	141	Elevar som har hatt kontakt med skulehelsetenesta.
Ekstra oppfølging av born (0-20 år)	32	Born som har hatt behov for ekstra oppfølging utover standard program. Dette ser vi er aukande.
Tenesta for psykisk helse og rus	25	Omorganisert grunna fråvær. Tilsett i heimetenesta med fagkunnskap i psykisk helse og rus har gitt tilbod frå mars. Sårbar teneste med behov for kontinuitet.
Institutt/ Fysioavdelinga	1 218	Det har vore stor pågang på fysioterapibehandling og det blir kontinuerleg jobba med å få ned ventelista.
Born	148	
Heimebesøk	197	
POS	163	Vi ser og at bruk av augeblikkeleg hjelp døgnplass (ØHD) har auka etter at legevakta vart etablert.
Treningsgrupper	170	På fysioterapiavdelinga har det vore god deltaking på frisklivsgruppene for herre og dame, og varierende deltaking på POS trimmen. Det same gjeld barselstrimmen, og ein må gjere ei vurdering om ein treng å endre tilbodet noko.

Tabell 17. Aktivitet i tenestane

Fyresdal pleie- og omsorgssenter (POS) har delteke i Tørn-prosjektet, der ei partssamansett gruppe har jobba med oppgåvedeling og bemanningsplanlegging. Årsturnus er vidareutvikla, og er no innført for både nattevakter og tilsette på kjøkken og vaskeri. Det blir jobba vidare med å få inn fagutvikling, simulering og møteverksemd i turnusen, samt finne løysingar for helgebemannings og vakante vakter.

Gjennom året har det vore brukarar av både dagtilbod for eldre og for heimebuande med demens. Kultur- og aktivitetsarbeidaren har bidrege med aktivitetar og kulturtilbod til bebuarar og dagpasientar.

Eit lydisolert rom på POS blei påbegynt hausten 2024 og skal stå klart våren 2025.

Det er utfordringar i maskinparken på kjøkken og vaskeri, då mykje av utstyret er gammalt. Det er laga ei oversikt over utstyret, og ein må no prioritere dette i budsjetta framover.

Kjøkkenet har levert mat til bebuarar på POS og heimebuande med matombringning, i godt samarbeid med frivillige.

Heimetenesta har hatt jamn aktivitet gjennom året og samarbeider tett med lege, spesialisthelsetenesta, ambulanse, POS, fysioterapi og hjelpemiddelansvarleg. Tenesta gir forsvarlege tenester og følgjer opp pasientar i tråd med lov og forskrift. Førebygging og meistring står sentralt, og brukarane er i alle aldrar.

Det er jobba mykje med helseteknologi og nye kartleggingsverktøy. Heimetenesta har klart å ta imot utskrivingsklare pasientar utan overliggjarar.

Teneste og tiltak for funksjonshemma (TTF) har gitt tenester til fem brukarar i alderen 7 til 46 år. TTF er ein bu- og avlastningsheim, der tilsette hjelper med daglege gjeremål og alt praktisk arbeid.

Det har vore jobba med å etablere arbeidstilbod for enkelte brukarar – tilbodet er klart, men praktiske detaljar manglar.

Ein brukar flytta inn i eigen bustad mot slutten av 2023, og det er framleis ein oppstartsfase for rutinar, bemanning og turnus.

Tenestekontoret behandlar søknadar, vedtak, vederlag, etteroppgjer og klager, og er eit sentralt knutepunkt for helse- og omsorgstenestene.

Helse og omsorg	2021	2022	2023	2024
Vedtak tenestekontor	307	364	414	323

Tabell 18. Tal vedtak tenestekontoret

Fyresdal Frivilligsentral har eitt årsverk som dagleg leiar og har vore ein aktiv igangsetjar for frivillig arbeid i kommunen. Rundt 40 frivillige har vore i sving. Sjå eiga årsmelding for meir informasjon.

Kompetanse og rekruttering er eit kontinuerleg fokusområde. Som andre kommunar opplever vi turnover på alle avdelingar. POS har hatt ein lærling i helsefag, og ein tilsett har tatt fagbrev som institusjonskokk – noko vi er glade for. Samtidig er det bekymringsfullt at færre søker lærlingplass.

To personar frå Ukraina har hatt arbeidspraksis gjennom Hero Kompetanse i løpet av året.

Måloppnåing i høve til budsjettmåla

Bu lengst mogleg i egne heim

Mål:

- Legge til rette for at flest mogleg kan bu i eigen heim lengst mogleg
- Gje behandlings- og diagnostiseringstilbod nærare brukarane der det er mogleg
 - Vi skal satse på, og utvikle velferdsteknologiske løysingar
 - Erstatte 50 alarmar med ny funksjon i 2024
 - Prøve ut digital heimeoppfølging for 3 brukarar
 - Etablere bustad med bemanning

Slik jobbar vi mot målet: I 2024 hadde vi som mål å legge til rette for at flest mogleg kan bu heime så lenge som mogleg. Dette krev individuelt tilpassa løysingar, også når det gjeld bruk av velferdsteknologi. Kommunen deltek i fleire nasjonale og regionale prosjekt for innføring og vidareutvikling av slike løysingar.

Eit konkret mål var å erstatte 50 tryggleiksalarmar grunna varsla avvikling av 2G-nettet. Då denne avviklinga er utsett, har vi fått betre tid til å byte ut alarmane, og kan fordele kostnadene over fleire år.

Vi planla å teste ut digital heimeoppfølging (DHO) for tre brukarar i løpet av 2024. Dette målet vart ikkje nådd, men vi jobbar vidare med det i 2025. Utstyr er no kjøpt inn, og opplæring er planlagt våren 2025.

Målet om å etablere bustad med bemanning er nådd. Brukar er på plass, og det blir jobba vidare med å utvikle gode rutinar og turnus for å sikre eit best mogleg tenestetilbod.

Heimebasert omsorg, førebygging og fagleg styrking

Mål:

- Vi skal satse på tenester til heimebuande og sikre rett kompetanse til rett tid
 - Prioritere å frikjøpe relevant fagkompetanse i tenestene når vi får moglegheit
- Kontinuerleg utvikling av kommunen si tenestetrapp, der vi legg til rette for førebygging i alle livsfasar

Slik jobbar vi mot målet: Vi har kontinuerleg fokus på å styrke tenestene for heimebuande, og sikre at rett kompetanse er tilgjengeleg til rett tid. Når mogleg, prioriterer vi å frikjøpe relevant fagkompetanse. Dette bidreg til fagleg utvikling og styrking av kvaliteten i tenestene.

For å vidareutvikle og tilpasse tenestetilbodet til framtidige behov, har sektoren i samarbeid med Agenda Kaupang gjennomført ei grundig tenesteanalyse. Ho har sett på tildelingspraksis, dimensjonering og prioriteringar i tenestene, og synleggjer kva vi manglar i dagens tenestetrapp.

Den 12.12.2024 vedtok kommunestyret dokumentet Tenestekomtale – Kommunale helse- og omsorgstenester. Her er kriteria for tildeling av tenester samla, noko som vil gi innbyggjarane viktig informasjon og bidra til å justere forventningane til det reelle tenestenivået i Fyresdal.

Vi har òg oppretta ei tverrfagleg gruppe med deltakarar frå helse, kultur, skule og barnehage. Denne gruppa arbeider med førebygging og tidleg innsats, som eit resultat av deltakinga i KS-programmet Absolutt oppvekst. Dette tverrfaglege samarbeidet styrkjer det førebyggjande arbeidet på tvers av sektorane.

Vi er i gang med å utarbeide ein helse- og omsorgsplan som skal gjelde frå 2025 til 2035. Planen skal setje tydelege mål, retning og føringar for korleis vi skal møte dei nasjonale og lokale utfordringane i åra som kjem. Vedtak i kommunestyret er planlagt vinteren 2025/våren 2026.

Målretta ressursforvaltning og ekstern finansiering

Mål:

- Vi skal ha fokus på å forbetre inntektene til kommunen
 - Sikre at vi nyttar ressursane på best mogleg i eigen sektor og på tvers av sektorar for barn og unge med auka tenestebehov.
 - Søke prosjektmidlar for relevante prosjekt


Slik jobbar vi mot målet: Vi står framfor store demografiske utfordringar og aukande press på helse- og omsorgstenestene, samstundes som økonomien blir strammare. Det er difor naudsynt å drive effektivt og nytte ressursane best mogleg – både innanfor eigne sektorar og på tvers av dei. Dette blir særleg viktig i møte med utfordringar knytt til rekruttering og tilgang på fagpersonell.

Som ein del av dette arbeidet har vi hatt stort fokus på å hente inn eksterne midlar. I 2024 fekk vi tildelt over 4,5 millionar kroner i tilskot, mellom anna til styrking av legevakt, rusarbeid, helsestasjon og skulehelseteneste, samt oppfølging av barn og unge med psykiske helseutfordringar og rusproblem. Vi har også fått midlar til kompetanseutvikling, foreldrerettleiing og ALIS-tilskot for legar i spesialisering.

Økonomisk resultat

	2022	2023	2024
Utgifter	73 232	88 250	76 760
Inntekt	16 539	29 753	20 096

Tabell 19. Inntekt og utgifter i tusen



Figur 5. Inntekt og utgifter i tusen

Helse- og omsorgssektoren har store driftsoppgåver med krav om døgntkontinuerleg bemanning heile året. For å sikre forsvarleg drift ved sjukefråvær har det vore nødvendig med både kort- og langtidsvikariat, noko som i periodar har ført til innleige og overtid. Refusjon frå NAV dekker ikkje dei samla kostnadene, og dette har påverka budsjettet.

Overforbruket skuldast i hovudsak manglande inntekter knytt til ressurskrevjande brukarar. I tillegg vart bu tilbodet til ein yngre brukar meir kostnadskrevjande enn budsjettet i 2024. På Fyresdal pleie- og omsorgssenter har det vore høgt belegg og stor pleietyngde gjennom året, noko som har auka ressursbehovet ytterlegare.

Liggedøgn statestikk		
Avdeling	Tal døgn	Belegg
Somatisk	4155	94,60%
Demens	2819	96,28%

Tabell 20. Liggedøgn (ingen dødsfall mellom januar og august)

Det har vore gjennomgåande høg pleietyngde gjennom året, noko som også kjem fram i dei månadlege IPLOS-kartleggingane.

Status på prosjekt

Tenesteanalyse som grunnlag for vidareutvikling

Prosjektet Heilskapleg tildelingsfunksjon har vore eit samarbeid med konsulentfirmaet Agenda Kaupang, og har hatt som mål å gje Fyresdal kommune eit godt kunnskapsgrunnlag for omstilling og vidareutvikling av berekraftige helse- og omsorgstenester. Gjennomgangen har omfatta tildelingspraksis, dimensjonering og prioritering av tenestetilbod, samt strategiutvikling.

Bakgrunnen for prosjektet var eit ønskje om betre innsikt i dei tenestene vi leverer i dag, vurdert opp mot kva vi bør og må levere i framtida. Her har vi sett på økonomiske rammer, demografiske utfordringar og tilgang på kompetent helsepersonell. Det at vi no har ei grundig beskriving av dagens situasjon og utfordringsbilete, gir eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med Helse- og omsorgsplanen, som skal planleggje for framtidige behov og sikre tenester i tråd med myndigheitskrav.

Gode pasientforløp – trygge overgangar

Fyresdal kommune deltek også i prosjektet Gode pasientforløp, som har som mål å styrke samhandlinga mellom nivå og sikre trygge og koordinerte tenester for brukarane. Deltakinga i dette prosjektet vil avsluttast våren 2025. Prosjektet har vore nyttig for å forbetre overgangar mellom dei ulike nivå og avdelingar i tenestene.

Simulering og fagutvikling

Kommunen deltek vidare i simuleringsprosjektet, eit fagutviklingsprosjekt i samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark, samt tre nye kommunar som har kome til. Prosjektet legg til rette for systematisk fagutvikling og praktisk trening innan ulike situasjonar og utfordringar i tenestene.

Prosjektstillingar for styrka innsats

Gjennom eksterne tilskotsmidlar har sektoren oppretta to prosjektstillingar:

Psykisk helse og rus

Det er tilsett ein miljøarbeidar i ein tverrfagleg og førebyggjande funksjon retta mot unge vaksne og vaksne. Grunna rekrutteringsutfordringar kom ikkje stillinga i gang før august 2024.

Helsestasjon og psykisk helse for barn og unge

Det er etablert eit todelt prosjekt ved helsestasjonen med mål om å:

- Styrke helsestasjonen og skulehelsetenesta med fokus på tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid
- Utvikle eit forprosjekt for etablering av psykiske helsetenester for barn og unge – med hovudspørsmåla kor er vi og kvar vil vi?

Grunna utfordringar med rekruttering har oppstart av dette prosjektet blitt utsett, men det er planlagt å kome i gang tidleg i 2025.

Digitaliseringsarbeid

Fyresdal kommune deltek i alle dei nasjonale og regionale innføringsløp som er iverksett knytt til digitalisering. Signalanlegg på POS og nærliggande bustader må oppgraderast. Arbeidet med dette starta i 2024 og vil bli slutført i 2025.

HMS og sjukefråvær i sektoren

Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Alle avdelingar har kontinuerleg fokus på oppfølging av sjukefråvær, og det blir arbeidd målretta for å sikre eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

I heimetenesta har det vore stabil tilgang på arbeidskraft gjennom heile 2024. Ved POS, legekantoret og TTF har det i periodar vore utfordringar knytt til tilgang på vikarar.

Systematisk HMS-arbeid

Vernerundar er gjennomførte ved dei avdelingane som har dette som krav. Eventuelle avvik som er avdekt er anten allereie følgde opp med tiltak, eller har tiltak som er planlagde. Det har òg vore

gjennomført branntilsyn ved POS i samarbeid med teknisk avdeling, og nytilsette og vikarar får jamleg opplæring i brannvernrutinar.

10-faktor og medarbeidarutvikling

Alle avdelingar har i løpet av året gjennomført medarbeidarundersøkinga 10-faktor. Dette er eit verktøy som blir brukt for å kartleggje og vidareutvikle arbeidsmiljøet, med mål om å styrkje organisasjonskulturen og trivselen på arbeidsplassen. Resultata frå undersøkinga vil bli følgde opp vidare i 2025.

Medarbeidarsamtalar er gjennomførte i dei ulike avdelingane gjennom året.

Kompetanseheving og legemiddelhandtering

For å sikre forsvarleg og lovleg legemiddelhandtering vart det våren 2024 gjennomført grunnkurs og oppfriskingskurs i legemiddelhandtering. Undervisninga blei gjennomført av farmasøyt frå sjukehuset, og retta seg mot assistentar, helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og vernepleiarar.

Gjennomførte tilsyn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark varsla vår 2024 om at kommunen skulle gjennomføre eit eigevurderingstilsyn med kommunen sitt krisesentertilbod. Tema for tilsynet var kommunen sin internkontroll for å kunne ivareta barn sin rett til skule og barnehagestilbod under opphald på krisesenter, og tilrettelegging av fritidstilbod for born i og utanfor krisesenter. Tilsynet rettar seg mot systema til kommunen.

Sektorane kultur og oppvekst samt helse og omsorg svara ut dette eigenvurderingstilsynet saman.

Kommunen vurderte at eigen praksis og styringssystem var i tråd med lovkrav, men at det var nokre forbettringsområder som vil fylgjast opp vidare. Statsforvaltar reknar eigenvurderinga som tilstrekkeleg, at kommunen er i tråd med tema som vart etterspurd. Tilsynet vart avslutta.

Heimetenesta har hatt revisjon av legemiddelhandteringa i 2024.

Sektor for plan og teknikk

Innleiing

Sektor for plan og teknikk er delt inn i fire hovudområde: Plan, bygg og oppmåling; Landbruk og skogbrukskontor; Tekniske tenester; Reinhald; og Fyresdal brannvesen. Sektoren har totalt om lag 36 tilsette, fordelt på rundt 21 årsverk. Under ligg ei oversikt over hovudoppgåver og bemanning i dei ulike einingane.

Eining	Oppgåver	Årsverk
Sektor for plan og Teknikk	• Drift av kommunal infrastruktur, inkludert kommunale vegar • Reinhald av kommunale bygg og innleigde lokale for kommuneadministrasjonen • Forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, oppmåling, byggesaker, landbruk, skogbruk, brann og redning • Drift av vatn- og avlaupstenester	21
Plan, bygg og oppmåling	• Oppmålings-, fradelings- og byggesaker • Drift av kartdatabasar og eigedomsinformasjon (GIS) • Handsaming av innsendte planforslag • Utarbeiding av eigne plansaker og kommuneplanen sin arealdel • Rådgjeving og rettleiing i arealplansaker og byggesaker	3
Landbruk og skogbrukskontoret	• Landbrukstilskot: rådgjeving, søknadsbehandling og kontroll • Jordlovsaker og konsesjonssaker • Tiltak i landbruket og frådelingar Landbrukskontoret forvaltar bygdeutviklingsmidlar (tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar), spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), utvalde kulturlandskap (UKL), nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogfond. Kontoret arbeider også med skogsbilvegar, viltforvaltning og rettleiing.	2
Tekniske tenester	• Forvaltning, drift og vedlikehald av:	6,6

	○ Kommunale bygg og eigedommar ○ Utleigebustadar ○ Vatn- og avlaupstenester med tilhøyrande leidningsnett ○ Vegar og uteområde ○ Prosjektansvar for kommunale byggje- og anleggsprosjekt	
Reinhald	• Fagansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling innan reinhald av kommunale bygningar.	8,4

Året i hovudtrekk

I løpet av 2024 har det vore leiarskifte i heile sektoren. Ny kommunalsjef starta 1. februar, ny avdelingsleiar for reinhald 1. mars, og ny avdelingsleiar for tekniske tenester 1. juni (vikariat). Overgangen har vore tidkrevjande, men sektoren har dyktige medarbeidarar som har teke ansvar og hjelpt leiarane i innkøyringa.

Med dei nye leiarane har det naturleg nok vore nokre endringar i prioriteringar. Dette har inkludert:

- Auka fokus på faste rutinar for dagleg drift
- Modernisering av geodataarbeid
- Auka vekt på vaktmeistertenester og reduksjon i innleigde snekkartenester
- Modernisering og profesjonalisering av reinhaldstenesta

Sektoren har også vore sterkt involvert i førebuingar til ei mogleg stor næringsetablering (datasenter). Dette vil stille krav til sektoren innan byggjesak, men også påverke andre fagfelt. Sikring av rett kompetanse, både internt og eksternt, vil vere avgjerande for å møte forventingane.

Det har vore eit stort fokus på å profesjonalisere tenestene sektoren tilbyr innbyggjarane. Lik og rett rettleiing og vedtak er essensielt for tillit og effektiv forvaltning. Dette arbeidet vil halde fram i åra som kjem.

Måloppnåing i forhold til mål i budsjett

Planarbeid og styringsverktøy

Rullering av kommuneplanens arealdel

- Arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel er starta opp, men ferdigstilling er venta tidlegast i 2025.

Utvikling av handlings- og vedlikehaldsplanar

- Programvara LAFT blir teke i bruk i aukande grad for å sikre betre oversikt og struktur i vedlikehaldsarbeidet.

Bustadpolitikk og bustadtilrettelegging

Tilrettelegging for kommunale bustadar

- Det er ferdigstilte fleire kommunale bustadar, i tillegg til at det er inngått avtalar med private aktørar for å styrke bustadtilbodet.

Vedlikehald og infrastruktur


Vedlikehald av kommunale bygg og vegar

- Kommunale bygg er generelt i god stand, men vedlikehaldsbehovet varierer mellom bygga.
- Vedlikehaldsetterslepet på kommunale vegar aukar, hovudsakleg som følge av underfinansiering

Økonomisk resultat 2024

	2022	2023	2024
Utgift	43 134	50 810	49 381
Inntekt	22 339	27 850	27 548

Tabell 21. Inntekt og utgifter i tusen



Figur 6. Inntekt og utgifter i tusen

Sektoren har eit meirforbruk på ca. kr 4 500 000, hovudsakleg grunna:

- Auka straumutgifter
- Svikt i leigeinntekter for kommunale og innleigde bustadar
- Høgare driftskostnader for kommunale vegar grunna ein lang vinter, samt nye vedlikehaldskontraktar som ikkje var budsjettert

KOSTRA-tal og andre nøkkeltal for sektoren

Årsgebyr for avløpstjenesten – ekskl. mva. (kr)	2020	2021	2022	2023	2024
Fyresdal	7 480	7 848	7 848	8 792	9 232

Tabell 22. Årsgebyr avløp

Årsgebyr for vannforskyning – ekskl. mva. (kr)	2020	2021	2022	2023	2024
Fyresdal	4 344	4 560	4560	5 520	5 796

Tabell 23. Årsgebyr vatn

Årsgebyr for avfallstjenesten – ekskl. mva. (kr)	2020	2021	2022	2023	2024
Fyresdal	2 040	2 040	2 104	2 272	2 500

Tabell 24. Årsgebyr renovasjon

Antall bygningsbranner (antall)	2020	2021	2022	2023	2024
Fyresdal	1	1	4	4	3

Tabell 25. Bygningsbrannar

Husholdningsavfall per årsinnbygger (kg)	2020	2021	2022	2023	2024
Fyresdal	468,5	502,9	402,5	373,8	404,8

Tabell 26. Avfall pr. innbyggjar

Andel levert til materialgjenvinning inkl. biologisk behandling (prosent)	2020	2021	2022	2023	2024
Fyresdal	33,9	28,8	33,9	37,4	39,8

Tabell 27. Andel avfall til materialgjenvinning

Status for prosjekt i sektoren

Investeringsprosjekt

Fullført: Grupperom Gimle, Tøddebakkane 16, Prærien 50,

Under arbeid: POS-kjøling, POS-lydtett rom, infrastruktur Århusjordet

Planlagd 2025: Toalett og foajé Fyresdal kulturhus

Andre prosjekt

Løfte geodatakvaliteten/digitalisering: Godt i gang med kursing i samfunnsplanlegging, kontinuerleg arbeid med kvalitetsheving av matrikkelen, implementere kartdata inn i kommunekart (innsyn for alle), rutinar på plass for dei fleste type handvendingar til plankontoret mm.

HMS og sjukefråvær

Utanom eit langtidssjukemeldt tilfelle er sjukefråværet i sektoren lågt.

Beredskapsarbeid og tilsyn

- Gjennomførde tilsyn innan oppmåling og beredskap.
- Tilsyn med beredskapstryggleiken.